Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Vass.

Emne: Veving

Bygdelag: Vikja.

Oppskr. av: Martina Saglen.

Gard: Hjelle.

(adresse): Vass.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. og mor har fortalt.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Mansklær. Til mansklær brukte ein helst vadmel. Det brukte ein til tröie, bukse, vest og undertöi for omlag 100 år sidan. Elles brukte ein og mykje skinnklær. Det brukte ein til bukser, vest og summe tider jakkor og.

2. Til kvinneklær brukte ein helst einskjefte. Einskjefta skulde vera vovi av serleg tunn heimespunnen ulltråd. Til brurdåsser skulde varpe vera så tunt at ein kunde dra renningen gjenom gifteringen. Til tröier brukte ein og einskjefta og til understakka. Mange brukte underklær og av same vevnad. Elles kunde dei og bruke triskjefta til understakka. Min mors brudeskjört. Det var kvitt heimevove med mykje innslag av tjukke bomuldstrådar. Underskjörtet skulde vera så stivt at det stod på golvet. Det var i krinolinens tid for 100 år sidan.

1. Menn brukte mykje vadmel til undertöi. summe kunde no bruke einskjefta og. Kvinnone skulde gjerne ha 3 underskjört på seg med ei gang når dei skulle vera til kyrkje eller i festleg samver.

10695

3.
då kalla dei den stakken som var næraste
"horlå" så kom stakk nr. 2 og deretter gjerne
"ein kvit stakk i bomullsvevnad" dersom
det var sumartid. Om vinteren hadde
dei fine rutete stakkar med band og
gramaner på eller fløiel på.
Det var retteleg eit fagert syn å sjå alle
disse fine undestakkane når folkei kom
køyrande til kyrkje joledag. Då batt dei
op dössene og stakkane kom til syne.
Desse stakkane var heimevovne og av ull
makalaus fine fargar i rutete mynster.
Så vov dei seg gjerne ein herdaklut.
Den kunde vera av einskjefta og i blått
eller raut rutete mynster. Min leste=
mors brureherdaklut var voven i blått
Men min mors herdaklut var voven
i raut grått og svart- svert fin.
Han er komen til Bygdå museum.
4. Sengeomhang var vove sume tider av
ull randute eller rutete, andre var
det i bomull med striper i av tjukka=
re trådar.
5. Laknar var vovne av lin, likeins
putevari, sengeteppi sume tider av
ull andre tider av bomull.
Elles bruka dei mykje ullteppe å ligga i
Dei kunde vera randute, gråe eller kvite
med border i endane. Dei var vovne
som vadmel. Sume tider bruka dei
bomullsvarp til desse teppi.
6. Dukar og serviettar var heimevove
av lin. Det kunde og henda at dei var
vovne av bomull.
7. Handklær var også heimevove av lin
seinare vov dei og mykje av bomull.

2

10695

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8. Dei gamle åkledi var serleg fine. Dei var
vovne av ull i 8te blad rosur eller firkan-
ta mynster i mange forskjellige mynster
og fargar. Alt det gamle skulde vera
plantefarga og varpe var 12 trådar lin
Sume bruka ullgarn og til varp.
Teppi var og forsegjorde. Her på Voss
bruka ein mykje „Brokkkvitlä" eller
krokakvitla å breidde på sengene
i bestemors tid og framefter. Dei er
enno i bruk i dag på divanar og til
veggpynt. Desse teppi var av ull med
plantefarga garn – Varpe var bomull
eller hamp – sume tider av ull det og.
Me hadde eit serleg mynster på brurateppi
Det var i raut blått og kvit. Det var i klos-
termynster. Elles kalla me dei 8te blad rose-
teppe eller åkle. Så var det Krokakvitla
eller „Brokkkvitlä" på ekta vossisk –.
Attåt dette var det biletvoving. Det kun-
de henda me fekk sjå slike og. Eg har sett
eit stort biletteppe på Bordalen som
skulle symbolisera dei 7 kloke og dei 7 dår-
lige jomfruer. Det var bra gjort for 200
år sidan omlag. Me har border her i ve-
vingi vår som stamma heilt frå oldtidi
Dei skal vera frå Hellas. Min mors brura-
teppe har dei fenge til Bygdøy. Dei same teppi
bruka dei alltid når dei har barn til dåpen.
– I vår tid veva dei og mykje på Voss. Dei
veva, åkle, brokkkvitla, vadmel, einskjefta,
tiskjefta, löparar, putor, borddukar,
handklear, serviettar ja so å segja
alle slags bruksting. Me har slik ein
god husflidsskule her no. –

10695

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

I min mors ungdom skulde kvar landegjente
ha „heimegjerdsla" med seg. Det var ting som
var laga i heimen so kvar leninga had i
heimkoma si. Det var eit eller fleire åklæ,
nokre krokkkvitlar, fleire ullkvitlar,
ein vadmalsrull og nokre därs dette
var av ull attåt dette hadde mange
vove ein linvev. Det vart då til handklær
dukar, sengespreide og understakkar.
Eg har ein kvit understakk etter mi mor
Midt oppå er det innvove tjukke bomulds=
tradar omlag 1 cm. i tvermål. Når denne stakken
då vart sett på golvet stod den själv.
Det var i krinolinens tid dette og eg tatte
det var eit lurt knep.
Åkloi var mykje vove i 8$^{te}$ blad rosur
med 4 kanta innimellom. Elles var det
ei mengd med mönster.
Krokakvitlane dei var vovne meir i
sik sak med mange fargar dei og.
Einsjefta var uvanleg fin her på Vars.
Dersom det var ei flink gjente så skulle
ein kunna tre varprenninga gjenom
giftleringen. Mi mor spann så fint varp, og
eg var denne voven som eg har fenge
både sylv og gullmedalje for.
I handkladi hadde dei gjerne ei enkel
raud bord. Den kunde somme tider vere blå.
Bardukane bruka dei dreielsvovnad på.
Ullteppe var stundom rutete men helst
med blå eller raude render i endane.
Brurateppi var vovne i klastervovnad.
Dei var uvanleg fine. Eit er no kome
til Bygdøy så de kan sjå det der.
Fargane var mörkeblått, raudt og kvitt.
Skal sjå om eg kan få tak i nokre teikningar
å senda inn.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
10695